



Dette får du:



## Kjeldesortering på hytta

No blir det lettare å sortere meir - også når du er på hyttetur.  
Ditt sorterte avfall er ressursar vi gjenvinner og bruker på ny.





# No får du utstyr til å sortere avfallet på hytta



Avfall som er kjeldesortert er klart for å bli noko nytt. Når du sorterer, tek du vare på miljøet.

- ✓ Plastemballasjen blir til byggjematerial, plastbøtter og andre plastprodukt.
- ✓ Papir og kartong blir til pappesker og andre produkt laga av papir.
- ✓ Emballasjen av metall kan bli syklar og andre metallgjenstandar.
- ✓ Matavfallet blir til biogass og biogjødsel.

Elsk mat - kast mindre.

Prøv å redusere avfallsmengdene, særleg matavfallet. God mat og drikke er ein del av hyttekosen. Med ein god plan for bruk eller frakt av matrestar etter hytteturen blir det mindre matsvinn.



**God kjeldesortering = berekraftig**

# Ver så god!



Rull med gjennomsiktige posar til plastemballasje.



Ein boks til å samle miljøfarleg avfall i.



Rull med grønne posar til matavfall.



Matkorg til å samle matavfall i inne.



## Bruk sorteringsfantasien!

Du kan enkelt oppbevare avfallet i bokser, korer og kasser på kjøkken, vaske-rom, i gang eller bod.



## PAPP OG PAPIR

### JA TAKK

Rein og tørr:

- Papiremballasje
- Blad og aviser
- Pappesker
- Drikkekartong
- Reklametrykksaker
- Bølgepapp
- Papirark
- Konvoluttar

### NEI TAKK

Gåvepapir, vått og skitent papir, bleier og tørkepapir med matrestar. Bøker med hard perm.



## PLASTEMBALLASJE

### JA TAKK

- Plastposar
- Kaffeposar utan metall
- Potetgullposar av plast
- Matemballasje av plast
- Rømme- og yoghurtbeger
- Vaskemiddelflasker
- Sjampoflasker
- Blomsterpotte i plast
- Plastfolie

### NEI TAKK

Isopor, plastleiker, bleier, vednett og stroppeband. Plastflasker som er brukt til farleg avfall.



## EMBALLASJE AV GLAS OG METALL

### JA TAKK

- Aluminiumsbeger – og folie
- Glasflasker utan pant
- Drikkeboksar av metall utan pant
- Hermetikkboksar
- Sylteglas
- Sølvpapir
- Metallkorkar og -lokk
- Telys av aluminium

### NEI TAKK

Glas frå vindauge, drikkeglas, steintøy, keramikk, porselen, krystall, sykkeldelar, verktøy og lyspærer.



# gsguide:

---



MATAVFALL

**JA TAKK**

- Fruktrestar
- Skrell
- Bein frå kjøt og fisk
- Eggeskal og nøtteskal
- Skaldyrrestar
- Kaffegrut, -filter og teposar
- Tørkepapir med matrestar
- ...og matrestar du ikkje kan spise

**NEI TAKK**

Emballasje rundt maten.  
Andre typar avfall enn mat.  
Mat du kan spise.




MILJØFARLEG AVFALL

**JA TAKK**

- Lysrør og lyspærer
- Småelektronikk
- Kablar og leidningar
- Elektriske leiker
- Batteri
- Måling, lim og lakk
- Løsemiddel
- Sprayboksar

**NEI TAKK**

Du får ein raud boks du kan samle miljøfarleg avfall i. Ta boksen med til miljøstasjonen, så tek vi trygt hand om avfallet.



RESTAVFALL

**JA TAKK**

- Alt avfall som vi ikkje kan materialgjvinne
- Skiten emballasje
- Leiker
- Bomull, plaster og gasbind
- Hundeposar og kattesand
- Bleier og sanitetsbind
- Støvsugarposar

**NEI TAKK**

Avfall som kan materialgjvinnast.  
Papp og papir, plastemballasje,  
glas- og metallemballasje,  
matavfall og miljøfarleg avfall.

ÅRIM har rundt nitti hyttepunkt, du kan bruke alle disse. Kart for plassering finn du på [sortere.no](http://sortere.no). Der står også kva avfallstypar du kan sortere på det enkelte hyttepunkt.





- ✓ Papir, plast-, metall- og glasemballasje skal vere rein og tørr.
- ✓ Plastemballasje må alltid vere i sekk for plast frå ÅRIM.
- ✓ Hugs å sortere riktig. Feilsortering øydelegg gjenvinninga.



## Bruk miljøstasjonen

### Farleg avfall



Den raude boksen tek du med til miljøstasjonen og leverer det miljøfarlege avfallet der. Boksen tek du med tilbake til hytta etterpå, og bruker han på ny.

### Grovavfall



Vedlikehaldsarbeid på hytta? Øydelagde møblar og material etter oppussing leverer du til ein bemanna miljøstasjon i opningstida. Hugs miljøstasjonskortet for gratis levering. Sjå arim.no for meir informasjon.

**Alt du sorterer blir til noko nytt!**



## Treng du nye posar?

Når du treng nye sekkar eller posar, så kan du hente dette på miljøstasjonane våre eller hos ÅRIM på Moa.

### Hugs alltid å knyte plastsekken med dobbel knute

Plast og papir blir henta av same bil, og vi sorterer avfallstypene frå kvarandre etter henting. ÅRIM sine plastsekkar har små hol og sprekk ikkje. Dette gjer at plast og papir ikkje blir samanblanda i bilen. Du kan ikkje bruke andre posar eller sekkar. All plast må vere levert i emballasjesekkar frå ÅRIM.

### Posar til matavfall

Om du manglar grønne posar til mat, kan du også sortere i andre posar. Det går fint. Knyt gjerne matavfallsposane godt for å redusere lukt.

## Når blir hyttepunkta tømte?

Vi tømmer hyttepunkta etter faste ruter, og har ekstra hentingar rundt høgtider. Nokre stader har vi også sensorar som registrerer kor fulle punkta er. Det kan likevel bli fort fullt når mange reiser heim samtidig. Om det er fullt, ber vi deg om å ikkje plassere avfall på utsida. Gi beskjed om overfylling på [post@arim.no](mailto:post@arim.no).

### Har du tilbakemeldingar eller spørsmål?

Kom gjerne innom oss på Moa eller bruk nettsida vår: [www.arim.no](http://www.arim.no)

Følg Miljøelskapet ÅRIM på Instagram og Facebook om du er interessert i å vite meir om miljø og kjeldesortering.



Tlf 70 31 41 00 [post@arim.no](mailto:post@arim.no)

La oss gjenvinne meir

[arim.no](http://arim.no)